

Til:	Fakultetsstyret
Frå:	Dekanen
Sakstype:	Økonomi
Saksnr:	V-sak 5
Møtedato:	28. september 2018
Notatdato:	24. september 2018
Sakshandsamar:	GGR/FEO/NHF

## Ny fordelingsmodell

### Bakgrunn

Forslag til ny fordelingsmodell var sist oppe til handsaming i [fakultetsstyret i møtet 7. juni 2018](#). Fakultetsstyret fatta slikt vedtak:

*«Fakultetsstyret utsetter vedtak til møtet 27. september 2018 og ber dekanen utrede saken vidare på bakgrunn av de innspill det var enighet om i møtet.»*

*I fakultetsstyremøtet 7. juni var det generell tilslutning til at Psykologisk institutt bør tilførast ein større del av fordelinga, slik at profesjonsstudiet kan styrkast i tråd med Kunnskapsdepartementet sine målsettingar.*

*Vedtaksforslaget som dekanen la fram for fakultetsstyret i juni innebar at halvparten av differansen mellom fordeling etter ny og gammel modell (halvparten av «Tilpassingsleddet») skulle reduserast med 10 % per år i fem år og deretter gjerast permanent med 8,8 mkr. ekstra årleg til Psykologisk institutt.*

*Styret hadde ingen særlege innvendingar mot prinsippa i modellen, men meinte at modellen kan ha fordelingsmessige konsekvensar som ein bad fakultetet sjå nærare på.*

*Styret meinte fakultetet burde svare ut dei innspela som kom inn frå grunneiningane i høyringsrunden og i tillegg sjå på konsekvensane for dei ulike einingane.*

*Styret meinte også at fakultetet måtte vurdere om det bør setjast i verk mellombelse tiltak for å lette omstillinga for grunneiningar som vart særleg råka av den nye fordelingsmodellen.*

*Styret utsette realitetshandsaminga av forslaget til ny finansieringsmodell til møtet 27. september 2018. Føresett styret si godkjenning, vil handsaming av fordeling for 2019 etter ny modell kunne skje fyrst i ekstraordinært styremøte 16. oktober 2018.*



Lenger bak i dette notatet svarer dekanen på dei spørsmåla som vart reiste i høyringsrunden og i møtet 7. juni:

- I. Om prosessen, s.4
- II. Om høyringsrunden, s. 4
- III. Om kvifor fakultetet foreslår å endre fordelingsmodellen, s. 4
- IV. Om fordeling av studieplassinntektene (dimensjonering), s. 5
- V. Om korleis fordelingsmodellen legg til rette for tverrfaglege bidrag, s. 6
- VI. Om finansiering av satsingar, fakultetsadministrasjon og fellestenester, s. 8
- VII. Om handlingsrommet for faglege prioriteringar og politisk styring, s. 8
- VIII. Om kva som kan gjerast for å lette omstillinga for grunneiningane, s. 9
- IX. Om korleis fordeling av midlar ved andre fakultet, s.9
- X. Vurdering av konsekvensar for grunneiningane sin økonomi, s. 11-25

### **Dekanen si tilråding til fakultetsstyret**

1. Dekanen tilrår at *opptaksrammene* vert lagt til grunn for dimensjonering av grunneiningane og fordeling av studieplassinntekter og kandidatmidlar.
2. Dekanen tilrår at grunneiningar som eig eit *tverrfagleg studieprogram* får 25 % av studieplassinntektene frå programmet. Dei resterande 75 % vert fordelte ut frå produserte studiepoeng på programma dei siste fem åra. Kandidatproduksjonen går direkte til programeigar. **NB! NYTT!**
3. Dekanen tilrår at ISS, i kraft av å vere fakultetet sin koordinator for *lektorprogrammet*, får 25 % av inntektene. Fakultetet får studieplassinntekter for lektorprogrammet, men har ikkje opptaksrammer (sidan studentane har opptak ved UV-fakultetet). Resten av inntektene vert fordelte proporsjonalt mellom dei grunneiningane som leverer meir enn 10 % av studiepoenga til studentane på programmet, ut frå den relative andelen av studiepoenga.
4. Dekanen tilrår at budsjett for *satsingar, fakultetsadministrasjon og fellestenester* vert fastsett av fakultetsstyret, og finansiering vert sikra gjennom å halde attende ein tilsvarande sum av fakultetet sine samla inntekter. Alle inntekter – også eksterne vert skattlagde med same sats.
5. Dekanen tilrår at institutta betaler *internhusleige* som før, men at denne ikkje vert utlikna i inntektene (auke i arealbruk må dekkast av einingane sjølve). Internbetaling for alle andre tenester fell bort.
6. Dekanen tilrår at fakultetet fører vidare satsingar som kjem frå universitetet. Når det gjeld fordeling av *rekrutteringsstillingar* (stipendiat og postdoktorar) tilrår dekanen at det vert utarbeidd nye måltal som tek omsyn til einingane sin relative storleik. Det vert tilrådd at fakultetsleiinga kan fråvike måltala dersom dette tener til å nå fakultetet sine strategiske mål. I tillegg kan fakultetsstyret vedta eigne satsingar finansiert ved avsetningar i budsjettet, slik som for fakultetsadministrasjonen. Det må til ein kvar tid vere opp til fakultetsstyret å fastlegge omfanget av satsingar.
7. Dekanen tilrår at det vert lagt «glatta» tal til grunn for *studiepoengproduksjon* – det vil seie tal baserte på den gjennomsnittlige studiepoengproduksjonen for tre føregåande år (inntektene for 2018 vert då baserte på tal for åra 2014 til 2016).

8. Dekanen tilrår at *særskilte overføringer* vert fjerna og baka inn i tilpassingsleddet.
9. Dekanen tilrår at det vert innført ein resultatindikator for *kandidatproduksjon*, slik det alt er gjort i KD og UiO sin fordelingsmodell.
10. Dekanen tilrår at halvparten av tilpassingsleddet, som er innført for å nøytralisere verknaden av ny budsjettmodell i første budsjettår, vert redusert med 10 % om året i fem år og deretter vert gjort permanent med 8,8 mkr ekstra årleg til Psykologisk institutt

### Vedtaksforslag:

*Fakultetsstyret vedtar forslag til ny fordelingsmodell.*

*Fakultetsstyret vedtar at omfordeling av midler til Psykologisk institutt skjer med utgangspunkt i ny fordelingsmodell og at halvparten av tilpassningsleddet reduseres med 10 % årlig i fem år og deretter gjøres permanent med 8,8 mkr ekstra årlig til instituttet.*

Tilpassningsledd	Fordeling	0,1	0,2	0,3	0,4	0,5
Enhet	Tilpassningsledd	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Fakadm</b>						
<b>TIK</b>	-3 369	-337	-674	-1 011	-1 348	-1 684
<b>ARENA</b>	-3 278	-328	-656	-984	-1 311	-1 639
<b>PSI</b>	17 599	1 760	3 520	5 280	7 040	8 800
<b>ØI</b>	-5 360	-536	-1 072	-1 608	-2 144	-2 680
<b>ISS</b>	-3 409	-341	-682	-1 023	-1 364	-1 704
<b>ISV</b>	2 330	233	466	699	932	1 165
<b>SAI</b>	-4 513	-451	-903	-1 354	-1 805	-2 257
	0	0	0	0	0	0

\* Tabellen viser tilpassingsleddet, inkludert dekanen sitt framlegg til fordeling av studieplassfinansiering for dei tverrfaglege programma.

### Vedlegg:

- Vedlegg 1: [Arbeidsutvalet sitt framlegg til ny fordelingsmodell](#)
- Vedlegg 2: Forslag til fordeling av studieplassfinansiering for dei tverrfaglege programma (NYTT!)

## I. Om prosessen

Dekanen nedsette i desember 2017 eit arbeidsutval som fekk i mandat å vurdere behovet for og eventuelt kome med framlegg til endringar i fordelingsmodellen. Det var ein føresetnad at ein eventuell ny modell skulle leggast til grunn for fordelinga for 2019. Dekanen leia sjølv arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet hadde fleire møte i løpet av våren 2018. Problemstillingar, prinsipp og konsekvensar av ny modell vart også drøfta i tre instituttleiarmøte den 14.12.17, 1.3.18 og 26.4.18. Forslaget til ny fordelingsmodell vart også drøfta i eit fellesseminar med fakultetsstyret den 15.3.18 og i fakultetsstyret sitt møte den 16.3.18.

Arbeidsutvalet sitt førebelse utkast til ny fordelingsmodell vart sendt ut på høyring til alle grunneiningane 20.4.18, med svarfrist 20.5.18. Utvalet gjorde nokre mindre justeringar i innstillinga etter høyringsrunden og avslutta arbeidet sitt den 30.5.18.

Utvalet si innstilling vart drøfta med tenestemannsorganisasjonane i møte den 6.6.18 og fakultetsstyret fekk saka som vedtakssak til møtet 7.6.18, men valde å utsette vedtak, jf. det som er sagt om styremøtet den 7.6.18 ovanfor.

Etter styremøtet i juni har saka vore drøfta i to instituttleiarmøte, den 16.8.18 og den 6.9.18.

## II. Om høyringsrunden

Det kom inn ni høyringsfråsegner innan fristen 20. mai. I tillegg fekk alle styremedlemmene tilsendt to skriftlege innspel, datert 4. juni: Eit frå instituttleiar ved Økonomisk institutt Steinar Holden og instituttleiar ved Sosialantropologisk institutt Knut Nustad og eit frå ei gruppe tilsette representert ved professor Lise Kjølørød.

I det fylgjande vert høyringssvara drøfta og kommenterte i den rekkefylgja dei er tematiserte i modellutvalet si innstilling.

## III. Kvifor foreslår fakultetet å endre fordelingsmodellen?

Kunnskapsdepartementet vedtok ny finansieringsmodell for universitets- og høgskulesektoren i 2016. Universitetsstyret justerte UiO sin interne fordelingsmodell i mai 2017.

Fakultetet har ikkje gjort vesentlege endringar i fordelingsmodellen sidan 2009.

Då fakultetet vedtok den noverande fordelingsmodellen i 2009 la ein vekt på at

- Fordeling av midlar skulle knytast tett opp til fakultetet sine prioriteringar og UiO sin fordelingsmodell.
- Modellen skulle bidra til føreseielege rammer og betre samsvar mellom aktivitetar og tildelte ressursar.
- Det var i tillegg ei målsetjing at modellen skulle vere transparent med omsyn til kvifor grunneiningane sine løyvingar er som dei er.

Trass dei gode intensjonane har fordelingsmodellen somme veikskapar. Til dømes når fakultetet får tilført nye studieplasser - eller når det skjer endringar i hovudkomponentane i modellen. Når prosjektinntektene frå EU aukar kraftig, får det konsekvensar som ikkje var tilsikta då modellen vart innført. Modellen har heller ikkje vorte justert for nye studieplasser.

Arbeidsutvalet sitt arbeid synleggjer at Kunnskapsdepartementet sine øyremerkte tilskot til nye studieplassar i profesjonsstudiet i psykologi i for liten grad har vist att i fakultetet si faktiske fordeling. Opphavelag vart tilskotet lagt inn i fordelinga som tidsavgrensa, øyremerkte midlar til instituttet, men øyremerkinga er gradvis

fasa ut og har gått inn i den ordinære fordelinga til alle grunneiningane, utan at Psykologisk institutt har fått auka plantalet sitt. Institutt har slik fått mindre enn dei skulle og dei andre einingane tilsvarande meir.

I høyringssvara er det få innvendingar til at Psykologisk institutt får ein større del av den felles potten, sjølv om det kan diskuteras kor stor denne bør vere.

I eit felles høyringssvar frå ISS, SAI, ØI, TIK og ARENA vert det peika på at løyvingane frå Kunnskapsdepartementet og UiO er rammeløyvingar og at rammestyling tyder at fakultetet har fridom til å forvalte den samla rammeløyvinga i tråd med nasjonale mål og egne mål og strategiar.

Det er rett at fakultetet har stor grad av fridom til sjølv å gjere faglege prioriteringar. Samstundes må fakultetet ta rimelege omsyn til at løyvinga frå departementet set konkrete mål for kor mange profesjonskandidatar Psykologisk institutt skal produsere og sikre instituttet ei ramme som gjer det mogleg for dei å nå kandidatmålet. Det er ikkje sett slike kandidatmåltal for nokon andre studieprogram ved fakultetet. Dei ekstra studieplassmidlane som fakultetet fekk var direkte knytte til auken i kandidatmålet på profesjonsstudiet i Psykologi.

Somme av høyringssvara peikar på at ny fordelingsmodell ikkje treng koplast til ein auke i tildelinga til Psykologisk institutt, og at dette kan gjerast etter gammal modell og/eller uavhengig av modellval. Dekanen legg til grunn at det bør vere ein samanheng mellom overordna politiske prioriteringar og insentiv, og fordeling av ressursar internt. Fordelinga bør vere transparent og føreseieleg og i tillegg gje rom for lokale prioriteringar. Dersom styret vurderer at ny modell er meir insentivrett, transparent og føreseieleg enn den gamle, er det rimeleg om den også vert lagt til grunn for overføringa til Psykologisk institutt.

#### **IV. Kva bør ligge til grunn for fordeling av studieplassinntektene (dimensjonering)**

Fakultetet fordelte i september 2017 totalt 453 mkr til grunneiningane for 2018. Etter at fakultetet hadde fordelt rekrutteringsstillingar, internhusleige, øyremerkingar, resultatmidlar og satsingar står fakultetet att med ein restsum som ikkje er fordelt. Denne restsummen (113 mkr for 2018) har fram til i dag vore fordelt vidare ut frå den relative storleiken åt dei ulike grunneiningane. Denne relative vekta er det såkalla Plantalet. Plantalet byggjer på historiske fakultetsstyrevedtak om grunneiningane sin relative storleik, målt i faste vitenskaplege stillingar (professorar, førsteamanuensar og universitetslektorar).

I utvalet sitt framlegg til ny fordelingsmodell går ein bort frå plantalet og over til opptaksrammer som kriterium for fordeling av denne resten av løyvinga.

I høyringsrunden var fleirtalet av grunneiningane kritiske til opptaksrammer som nytt fordelingskriterium. Økonomisk institutt, Sosialantropologisk institutt, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, ARENA og TIK meinte at fakultetet bør halde på ein modell med plantal. Plantala vil kunne reviderast ved varige endringar i opptaksrammene vert det argumentert for. Fakultetsstyret kan uansett velje å endre opptaksrammene dersom det skulle vere behov for det.

Generelt var fleirtalet kritiske til store svingingar/endingar i fordelinga fordi finansieringa og rekruttering av faste tilsette krev langsiktig planlegging og det meste av løyvinga er bunden opp i lønemidlar. Det vart også vist til at opptaksrammer som kriterium koplars fordelinga einsidig til undervisning og utan å ta tilstrekkeleg omsyn til at forskning og formidling også er ein del av samfunnsoppdraget. Opptaksrammer som kriterium for fordeling gjer naudsynte endringar i opptaksrammene vanskelegare og meir konfliktfylt, meinte fleirtalsfråsegna, sidan endringar gjev kraftige utslag på grunneiningane sin økonomi. Det kan også føre til uheldige strategiske val ved

at inntakskrava vert reduserte. Til slutt vert det peika på at framlegget neglisjerer den historiske, innbyrdes fordelinga og dermed endrar den faglege prioriteringa mellom grunneiningane som plantala representerte. Det vert vist til at plantalsmodellen har sikra godt samarbeid internt og skapt lite innbyrdes strid om deling av ressursar ved fakultetet.

Mindretalet i høyringsrunden (Psykologisk institutt og Institutt for statsvitskap) stør framlegget om å bruke opptaksrammer som kriterium. Institutt for statsvitskap er usamd i fleirtalsfråsegna si positive framstilling noverande modell, og viser til at det er store skeivskapar ved fakultetet med omsyn til studentar per faglege årsverk. Instituttet meiner at framlegget om å bruke opptaksrammer som kriterium er heilt i tråd med Kunnskapsdepartementet sine føresetnader om at universiteta skal tilby forskingsbasert undervisning.

Psykologisk institutt viser til at det årleg vert brukt høvesvis 17-18 mkr mindre til utdanning av psykologar enn det Kunnskapsdepartementet har føresett. Instituttet ber om at den nye fordelingsmodell vert innført raskt, slik at instituttet greier å levere i høve til måltala fastsette av Stortinget i Statsbudsjettet.

Arbeidsutvalet vurderer i innstillinga si tre moglege alternativ til bruk av plantal: Studieplassar, som UiO brukar i si deling til fakulteta, vart forkasta fordi studieplasstala UiO brukar ikkje er brotne ned på grunneiningsnivå. Faktiske studenttal vart forkasta fordi det kan gje insitament til å auke studenttalet og senke kvalitetskrav for å auke produksjonen og såleis ikkje fungerer dimensjonerande. Utvalet fall ned på å bruke opptaksrammene, som fakultetsstyret handsamar i september kvart år, som nytt fordelingskriterium. Desse har vist seg vist seg relativt stabile og føreseielege over tid og sikrar ei kopling mellom fakultetsstyret sine faglege prioriteringar og fordelinga.

Dekanen legg til grunn ein ikkje kjem utanom å styrke Psykologisk institutt, jf. det som er sagt over. Ettersom ramma til fakultetet er lagt, vil det dessverre medføre kutt for andre einingar. Dekanen er samd i at fakultetet bør unngå store svingingar i løyvingane til grunneiningane. Difor er konsekvensane av kutta søkt minimert ved å innføre tilpassingsledd og ved å bygge ned dette gradvis over tid.

## **V. Bør fordelingsmodellen legge betre til rette for tverrfaglege bidrag?**

Arbeidsutvalet gjer framlegg om at Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi får 25 % av studieplassinntektene knytte til lektorprogrammet som kompensasjon for å vere fakultetet sin koordinator.

Utvalet foreslår i tillegg at resten av desse studieplassinntektene vert fordelt proporsjonalt mellom dei einingane som leverer meir enn 10 prosent av studiepoenga til studentane på programmet.

Utvalet valde ikkje å gjere framlegg om å legge tilsvarende vurderingar til grunn for fakultetet sine tverrfaglege bachelorprogram, sjølv om bidraga også der kjem frå andre enn dei som eig programmet.

Psykologisk institutt stiller seg i høyringssvaret avvisande til endringar i inntektsfordeling knytt til lektorprogrammet og dei tverrfaglege bachelorprogramma fordi dette kompliserer modellen unødig.

Det felles høyringssvaret frå fleirtalet har ikkje kommentert dette punktet, men grunneiningane har valt å gjere dette i sine separate høyringsvar.

Sosialantropologisk institutt og Økonomisk institutt viser i notat av 4. juni 2018, sendt til fakultetsstyret sine medlemmer, til at dei leverer «en betydelig andel av undervisningen» til dei tverrfaglege programma ved

fakultetet, dette inkluderer emne som er laga særskilt for dei tverrfaglege programma, og at dei difor bør få ein del av dimensjoneringsmidlane som elles ville falle på eigar/administrator av programmet.

Økonomisk institutt meiner studieplassinntektene knytte til dei tverrfagleg studieprogramma bør fordelast ut frå bidrag til studiepoeng siste år, eller gjennomsnitt over dei siste tre åra. Instituttet meiner at fordeling av midlar etter studiepoeng har den føremona at det gjev mindre rom for "manipulasjon" frå grunneiningane, og dermed skaper mindre rom for konflikhtar. Instituttet viser til at det kan vere ein god ting i seg sjølv at emneeigarar må konkurrere om å gjere emna sine attraktive for studentane.

Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi peikar i høyringsvaret sitt på at grunneiningar som eig og koordinerer tverrfaglege program har store kostnader knytte til dette, som dei reine emneleverandørane ikkje har. Instituttet viser til at emneleverandørane allereie får ekstra studiepoenginntekter ved å utnytte ledig kapasitet på emne dei alt tilbyr.

Institutt for statsvitskap viser til at kostnadssida ved drift av dei tverrfaglege programma er stor og at det reint studieadministrativt er tyngre og meir ressurskrevjande å drifte tverrfaglege enn disiplinære bachelorprogram. Instituttet konkluderer i høyringssvaret sitt med at det for så vidt kan vere ein god idé å la bidragsytande einingar få del i studieplassinntektene knytte til dei tverrfaglege programma, til dømes tilsvarende omfanget av dei obligatoriske emna som dei leverer inn til programmet. Føresetnaden må i så fall vere at det i den nye fordelingsmodellen vert lagt inn ein mekanisme for å fordele kostnadane til drift av programma også på alle involverte. Instituttet ser at ei føremon med ei slik løysing kan vere auka engasjement og ynskje om å bidra inn i tverrfaglege program.

Også Økonomisk institutt finn det rimeleg at det vert sett på kostnadssida når det gjeld administrasjon av dei tverrfaglege programma. Dersom det ser ut som dei tverrfaglege programma gjev eit klart overskot og er gunstig økonomisk, og då særleg for vertsinstituttet, er det kanskje rimelig at programeigar også tek den ekstra administrasjonskostnaden, meiner Økonomisk institutt.

I ein e-post til instituttleiarane av 20.8.18 bad fakultet ISS og ISV om å gjere eit overslag over kostnadane ved drift av dei tverrfaglege programma dei administrerer. SAI og ØI vart bedne om å dokumentere korleis og i kva grad desse grunneiningane har oppretta og vedlikehalde emne einast/hovudsakleg av omsyn til at dei inngår som obligatorisk del i tverrfaglege program administrerte av ISS og ISV.

Det kan tenkjast fleire ulike måtar å fordele studieplass- og kandidatinntektene frå, dei tverrfaglege programma på:

- Eigiar får alt
- Fordeling etter avlagte studiepoeng på institutta siste 5 år
- Fordeling etter bidrag til obligatoriske emne
- Fordeling med 25 % til eigar og resten fordelt ut frå bidrag til obligatoriske emne

Sjølv om det kompliserer modellen, er det ikkje urimeleg om dei som bidreg inn i tverrfaglege program også får noko att for dette. Innarbeiding av eit slik element i fordelingsmodellen bør i så fall søke å sameine to ulike omsyn: På den eine sida omsynet til at det bør vere attraktivt å bidra til tverrfaglege studieprogram. På den andre sida må eininga som har teke på seg å opprette, administrere og drive tverrfaglege program på vegne av fellesskapen ikkje tape på dette.

Dekanen tilrår at ein slik tverrfagleg komponent vert innarbeidd i modellen og at den grunneininga som eig studieprogrammet får 25 % av studieplassinntektene. Dette tek god høgde for dei anslag over kostnadar knytte til det å drive programma som programeigarane sjølve har gjort. Dei resterande 75 % vert fordelte basert produserte studiepoeng på programma dei siste fem åra. Bidraget må vere på minst 10 % for at detet skal gje utteljing.

Kandidatproduksjonen går direkte til programeigar, ettersom det kviler eit særleg ansvar på programeigaren for å syte for samanheng i programmet og for at studentane fullfører.

*Tabellane 1-4 i Vedlegg 2 viser korleis dette slår ut for dei ulike einingane og korleis det påverkar tilpassingsleddet.*

## **VI. Korleis bør satsingar, fakultetsadministrasjon og fellestenester finansierast?**

Utvalet foreslår at det vert lagt ein flat skatt (14 % i utvalet sine døme) på alle inntekter – også eksterne - for å finansiere fellestenestene og at budsjettet for desse fellestenester og fakultetsadministrasjon vert fastsette årleg gjennom budsjettvedtak i fakultetsstyret.

I fleirtalet sitt høyringssvar vert det peika på at skattlegging av eksterne forskingsmidlar kan vere uheldig ettersom insitamentet for å søke eksterne midlar dermed vert redusert, og argumenterer for at eksterne midlar i det minste vert skattlagde med ein lågare sats enn annan aktivitet. Fleirtalet understrekar også at sidan forslaget til finansiering av fakultetsadministrasjon og fellestenester vert finansiert gjennom skattlegging av dei samla inntektene til fakultetet og fastsett ved budsjettvedtak, krev det god styring av utgiftene. Ettersom fleire einingar vil få kutt som fylgje av styrking av Psykologisk institutt er det rimeleg om dette også gjeld fakultetsadministrasjonen.

Psykologisk institutt sluttar seg til framlegget til flat skatt på alle inntekter for å finansiere fellestiltak.

Institutt for statsviteskap har ikkje kommentert på dette punktet i sitt høyringssvar.

Dekanen viser til at den eksterne verksemda ved fakultetet er sterkt aukande og at den i stor grad påverkar dimensjoneringa av fellestenestene. Dersom skattlegginga ikkje skal omfatte eksterne inntekter, lyt dette kompenseras gjennom høgare skattesats på noko anna og dermed slå ut ein annan stad.

## **VII. Korleis sikrar ny fordelingsmodell handlingsrommet for faglege prioriteringar og politisk styring?**

I fellessvaret frå fem av einingane vert det peika på

- 1) At rammeløyving gjev rom for å gjere eigne prioriteringar ut frå strategiske omsyn
- 2) Eksellense i forskning er eit slikt strategisk omsyn, jf. fakultetet sin årsplan

Fleire av einingane viser til at kuttet som følgjer av omdeling av midlar til Psykologisk institutt trugar det høge nivået grunneiningane no har nådd innan samfunnsvitskapleg forskning og publisering (jf. SAMEVAL). Det vert også vist til at fakultetet tek for lite omsyn til fagpolitiske og historiske omsyn ved innbyrdes dimensjonering av einingane og at det er uheldig å lage ei direkte kopling mellom studenttal (opptaksramme) og dimensjonering.

I det felles høyringssvaret frå ØI, SAI, ISS, TIK og ARENA vert det argumentert for at det avgjerande kriteriet for val av fordelingsmodell bør vere kor eigna den er til å bygge opp under at fakultetet når dei mål og



strategiar som er sett av fakultetet sjølv. I høyringssvaret vert det også vist til at mål nummer ein i fakultetet sin årsplan er styrking av forskinga, og at framlegget til ny fordelingsmodell med nedbygging av tilpassingsleddet til føremon for ein auke i løyvinga til Psykologisk institutt gjer det vanskelegare for fakultetet å nå dette målet.

Dekanan meiner framlegget til ny fordelingsmodell gjer fordelinga mellom grunneiningane vert meir transparent. Medan den noverande fordelingsmodellen har den innebygde eigenskapen at den kamuflerer ugrunna historiske skeivskapar i fordelinga mellom grunneiningane (jf. forfordelinga av Psykologisk institutt), vil den nye modellen opne for at styret sjølv bestemmer om det skal takast særlege (fagpolitiske, historiske eller andre) omsyn ved fordelinga.

### VIII. Kva tiltak kan fakultetet gjere for å lette omstillinga for grunneiningane?

Samanstillinga og analysen på sidene 11-25 tek utgangspunkt i totaløkonomien åt einingane, og ikkje basisøkonomien. Den inkluderer dermed eksterne inntekter frå EU, NFR og andre. Dei eksterne inntektene er ein del av totalramma til einingane og viser handlingsrommet og kor store einingane er. Føresetnadane som gjennomgangen av den økonomiske statusen åt grunneiningane og konsekvensane av ny fordelingsmodell byggjer på vert det gjort greie for innleiingsvis.

Samanstillinga viser at konsekvensane varierer for dei ulike grunneiningane.

I høyringsrunden etterlyser TIK ei grunnløyving som gjer det mogleg for mindre einingar, som TIK, å drive utdanning og forskning på høgt internasjonalt nivå. Dersom den nye modellen skulle bli vedteken, meiner TIK at den må fylgjast opp av gjennom kompensatoriske tiltak som gjev senteret utteljing for å lukkast med kvalitet, søkartal og ekstern finansiering.

ARENA og SAI viser til at konsekvensane av framlegget til ny fordeling vil vere store, sidan dei er små einingar. Dersom fakultetsstyret likevel vedtek framlegget til ny modell, ber båe desse einingane om å få ha tilpassingsleddet permanent.

I snitt utgjer kuttet (nedbygging av tilpassingsleddet), som fylgjer av styrkinga av Psykologisk institutt ca. 3 % av totalinntekta til dei andre einingane i 2018. Arena -7 %, TIK og SAI -5 %, ØI -3 %, ISS -2 % og ISV + 2 %.

Dersom tilpassingsleddet skulle gjerast permanent for enkelte einingar, vil det i så fall bety at andre må ta den rekninga. Det same vil gjelde om det vert sett av midlar til omstillingstiltak som motverkar dei strategiske føremåla som er bakte inn i fordelingsmodellen. Konsekvensane for einingane er gradvise og gjev først full effekt i 2022. Det er i seg sjølv eit omstillingstiltak.

Dersom det skulle vise seg naudsynt å sette av eller øymerke ressursar, tilrår dekanen at dette skjer via tiltak som bygger opp under fakultetet og styret sine vedtekne strategiar om kvalitet i forskning og undervisning.

### IX. Korleis skjer fordeling av midlar ved andre fakultet?

Ved Det juridiske fakultet organiserer fakultetsnivået mesteparten av studieverksemda. Lønsmidlar vert heller ikkje fordelte vidare til grunneiningane.

Det einaste som vert fordelt vidare frå fakultetet er driftsmidlar (om lag 7 mkr årleg). Det dimensjonerande leddet er det totale årsverktalet som er fastsett for kvar grunneining.

Det medisinske fakultet fordeler studieplassinntektene etter studieplassar og studiepoeng med tilhøyrande finansieringskategoriar.

Fakultetet held att ein del av rekrutteringsstillingane (om lag 15 %), som styret kan fordele ut frå strategiske omsyn. Det vert også sett av midlar til særskilte strategiske fakultetssatsingar.

Fakultetsstyret set av midlar til fakultetsadministrasjon og fellestenester før fordelinga i modellen.

Det utdanningsvitskaplege fakultet fordeler alle rekrutteringsstillingane til grunneiningane.

Fakultetet fordeler studieplassinntektene ut frå skjøn «med mål om rimelighet og lavt tilpassingsledd». Denne tek utgangspunkt i einingane sine studieprogram og den relative storleiken deira, men vert sidan justert ut frå registrerte studentar og opptaksrammer for å nulle ut tilpassingsleddet i fordelingsmodellen. Endringseffekten det første året er dermed tilnærma lik null.

Fakultetsadministrasjon og fellestenester vert finansiert gjennom skattlegging av grunneiningane ut frå årsverktalet deira.

Det humanistiske fakultet fordeler studieplassinntektene på grunnlag av gjennomsnittet av avlagte 60-studiepoengseiningar siste fire år per studieprogram aggregert opp til instituttnivå. Talet på 60-studiepoengseiningar gjev grunnlaget for talet på vekta studieplassar.

Fakultetet set av noko midlar øyremerka strategiske føremål på fakultetsnivå.

Fakultetet fordeler rekrutteringsstillingane vidare til grunneiningane.

Det vert sett av øyremerka midlar til fakultetsadministrasjon og fellestenester etter styrehandsaming.

Det matematisk- naturvitskaplege fakultet fordeler studieplassinntektene vidare med utgangspunkt i UiO sin modell og med bruk av studieplassar som dimensjonerande element.

Fakultetet set av ein relativt stor pott øyremerka strategiske satsingar på fakultetsnivå. Om lag 15 % (?) av rekrutteringsstillingane vert i tillegg fordelte strategisk. Resten vert fordelte på einingane ut frå årsverktalet.

Det vert sett av øyremerka midlar til fakultetsadministrasjon og fellestenester etter styrehandsaming.

## X. Vurdering av konsekvenser for grunnenhetenes økonomi

### Innledning og forutsetninger

For å analysere enhetenes økonomi, er det tatt utgangspunkt i totaløkonomien, ikke basisøkonomien. Totaløkonomien inkluderer alle inntekter, herunder såkalt "eksterne inntekter" fra EU, NFR og andre. Eksterne inntekter er en del av rammen og hører med når man skal vise handlingsrommet og størrelsen til enhetene.

Da arbeidet med ny finansieringsmodell startet, ble den gamle fordelingen justert noe, slik at ny og gammel fordelingsmodell kunne sammenlignes. I den justerte fordelingen ble rekrutteringsstillinger låst til 2018-nivå, avsetningen til fakultetsadministrasjonen og styrepotten ble låst til et visst beløp i alle årene og PSI ble gitt 2,5 millioner kroner finansiert av plantallspotten (som for 2018). Dette betyr at fordelingen som det sammenlignes med, ikke er identisk til den enhetene har i sine prognoser.

Det er tatt utgangspunkt i fordelingen for 2018 og beregnet tilpasningsleddet for det året, altså som forskjellen mellom ny og gammel modell. Tilpasningsleddet blir brukt i alle senere år, men justert gradvis over perioden 2018-2022.

Nedenfor vises prognosen for den enkelte enhet, med og uten justering i tilpasningsledd. Dette illustrerer hvordan prognosen for enhetens økonomi påvirkes av justeringene i tilpasningsleddet.

I tillegg kunne man beregnet enhetens økonomi med ny fordelingsmodell basert på tallgrunnlaget i prognosen (en slik beregning var inkludert i tidligere versjoner av notatet). Kvaliteten på prognosene er imidlertid av en slik karakter at denne typen beregninger blir misvisende. Det skyldes først og fremst at enhetene har lagt ulike prinsipper til grunn for utarbeidelsen av prognosene, særlig når det gjelder budsjettering av eksterne inntekter og resultatmidler, slik at resultatene ikke kan sammenlignes. Hensyn tatt til tilpasningsleddene, som fanger opp den umiddelbare virkningen av overgangen til ny modell, vil den nye modellen bare påvirke enhetenes økonomi fremover i den grad sammensetningen av deres inntekter forandres.

### Forklaring til grafene

Figur 1 viser totalinntekten til enheten i henhold til prognose pr. 1. tertial 2018 (blå linje) og når det er justert for endringer tilpasningsleddet (oransje linje). Totalinntekten omfatter basistildelingen og eksterne inntekter. I perioden 2010-2017 er det benyttet regnskapsførte eksterne inntekter, mens det for 2018-2022 er benyttet et estimat basert på regnskaper for årene 2016-2018.

Figur 2 viser akkumulert overskudd for enheten i henhold til prognose (blå linje) og justert for endringer i tilpasningsleddet (oransje linje). For eksternfinansierte prosjekter er ubrukte midler satt til 2017-nivå i perioden 2018-2022.

Figur 3 viser tilpasningsleddet i hvert år (oransje søyle) og endringen i tildelingen fra 2018 i prognosen til enhetene (blå søyle).

## Senter for Teknologi, innovasjon og kultur

### Analyse


Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en reduksjon i årlig tildeling til TIK fra og med 2022 på 1,7 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til TIK.



I prognosen fra 1. tertial forventer TIK en stabil inntekt de neste årene, men en liten økning i noen av årene. I løpet av 5-årsperioden går et ERC StG ut samt støtte til et FME (totalt 0,9 mill. kr), det er ikke lagt inn forventninger om noen nye. TIK har kun budsjettert med EU-prosjekter som de allerede har, det er ikke lagt inn forventninger om nye.

I henhold til TIKs egen prognose per 1. tertial 2018 vil enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 3,6 mill. kr innen 2022. Fra 20,3 mill. kr. til 16,7 mill. kr.

Med forslaget til ny modell vil TIK fortsatt ha et akkumulert overskudd på 11,7 mill. kr i 2022, gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.

**Figur 1: Totalinntekt**



**Figur 2: Akkumulert overskudd****Figur 3: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

## ARENA Senter for europastudier


### Analyse

*Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en reduksjon i årlig tildeling til ARENA fra og med 2022 på 1,6 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til ARENA.*


*I prognosen fra 1. tertial forventer ARENA en liten inntektsøkning på 1 mill. kr, de neste 5 årene. ARENA har i sin 5-årsprognose inkludert tildelte EU- og NFR-inntekter, men det er allerede nå klart at ARENA vil få større EU-inntekter enn lagt til grunn i prognosen.*

*I henhold til prognosen pr. 1. tertial 2018 vil ARENA ha redusert det akkumulerte overskuddet med 0,2 mill. kroner innen 2022, fra 0,9 til 0,7 mill. kroner. Når man legger inn reduksjonen i tilpasningsleddene, er det beregnet at ARENA vil få et akkumulert underskudd på 4,2 mill. kroner i 2022. Med en betydelig økning i EU-inntekter vil imidlertid ARENAs resultat bli vesentlig forbedret med den nye modellen, fordi ARENA da vil beholde en større del av resultatmidlene.*


**Figur 4: Totalinntekt**



**Figur 5: Akkumulert overskudd**



**Figur 6: Endring i prognosen og tilpasningsledd**



## Psykologisk institutt

### Analyse


Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en økning i årlig tildeling til PSI fra og med 2022 på ca. 8,8 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til PSI.

I prognosen fra 1. tertial forventer PSI en inntektsreduksjon på 4,5 mill. kr de neste 5 årene. I denne perioden forsvinner verdensledende midlene (VLM) som utgjør 6,8 mill. kr. VLM skal evalueres etter 5 år og kan bli videreført. PSI har per i dag 2 ERC CoG, det er ikke budsjettert med forventning til flere. Det er forventet EU-inntekter på samme nivå som i dag. Dette vet vi allerede at vil bli enda høyere, da PSI har fått tilslag på flere EU-prosjekter. PSI har budsjettert med økte resultatmidler på grunn av økningen i studentmassen de siste årene.


I henhold til PSIs egen prognose per 1. tertial 2018 ville enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 32,6 mill. kr innen 2022. Fra 41,1 mill. kr til 8,5 mill. kr.

Med forslaget til ny modell vil PSI ha et akkumulert overskudd i 2022 på 34,9 mill. kr, gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.

**Figur 7: Totalinntekt**





**Figur 8: Akkumulert overskudd****Figur 9: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

## Økonomisk institutt

### Analyse


Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en reduksjon i årlig tildeling til ØI fra og med 2022 på 2,7 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til ØI.



I prognosen fra 1. tertial 2018 forventer ØI i tillegg en nedgang i totale inntekter på 9 mill. kr over de neste fem årene, fra 80 mill. kr til 71 mill. kr. Dette inkluderer bortfall av verdensledende midler (5,6 mill. Kr) og alle ERC-grants som ØI har. VLM skal evalueres etter 5 år og kan bli forlenget med ytterligere tildelinger. ØI har ikke budsjettert med noen nye ERC grants, men allerede nå vet vi at de har fått et ERC StG.

I henhold til ØIs egen prognose per 1. tertial vil enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 34 mill. kr innen 2022. Fra 45 mill. kr til 11 mill. kr.

Med forslaget til ny modell vil ØI ha fortsatt ha et akkumulert overskudd i 2022 på 3,3 mill. kr, gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.

**Figur 10: Totalinntekt**



**Figur 11: Akkumulert overskudd****Figur 12: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

## Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

### Analyse


Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en reduksjon i årlig tildeling til ISS fra og med 2022 på 1,7 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til ISS.



I prognosen fra 1. tertial 2018 forventer ISS en jevn totalinntekt de neste fem årene, litt opp i 2019 og 2020, men så omtrent likt resten av perioden. ISS har et fellesløfteprosjekt som går ut i perioden, som betyr 1,0 mill. kr mindre i tildeling fra 2021. De forventer en reduksjon i phd-produksjon tilsvarende 0,8 mill. kr. ISS har ikke budsjettert med noen nye EU-prosjekter i perioden.

I henhold til ISS sin prognose per 1. tertial 2018 ville enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 4,6 mill. kr innen 2022. Fra 8,8 mill. kr til 4,2 mill. kr.

Med forslaget til ny modell vil ISS ha et akkumulert underskudd i 2022 på 0,9 mill. kr gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.

**Figur 13: Totalinntekt**



**Figur 14: Akkumulert overskudd****Figur 15: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

## Institutt for statsvitenskap

### Analyse


Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en økning i årlig tildeling til ISV fra og med 2022 på 1,2 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til ISV.



I prognosen fra 1. tertial forventer ISV en jevn totalinntekt de neste fem årene. I løpet av 5-årsperioden så mister de 1 mill. kr i støtte til C-rex og 0,5 mill. kr i FME-støtte. ISV har ikke budsjettert med noen nye EU-prosjekter, de har heller ingen per i dag. Ellers budsjetterer de med ganske stabile resultater.

I henhold til ISVs egen prognose per 1. tertial 2018, ville enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 5,5 mill. kr innen 2022. Fra 16,5 mill. kr til 11 mill. kr.

Med forslaget til ny modell vil ISV ha et akkumulert overskudd i 2022 på 14,4 mill. kr, gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.

**Figur 16: Totalinntekt**



**Figur 17: Akkumulert overskudd****Figur 18: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

## Sosialantropologisk institutt

### Analyse


*Forslaget til ny fordelingsmodell medfører en reduksjon i årlig tildeling til SAI fra og med 2022 på 2,3 mill. kr, som er halve tilpasningsleddet til SAI.*

*I prognosen fra 1. tertial forventer SAI i tillegg en reduksjon i årlig totalinntekt på 2,4 mill. kr som skyldes bortfall av et ERC AdG. SAI har lagt inn mindre forventninger til nye EU-prosjekter. Ellers*

*I henhold til SAIs egen prognose per 1. tertial 2018 ville enheten ha redusert det akkumulerte overskuddet med 4,4 mill. kr innen 2022. Fra 6 mill. kr til 1,6 mill. kr.*


*Med forslaget til ny modell vil SAI ha et akkumulert underskudd i 2022 på 5,1 mill. kr gitt forutsetningene i prognosen fra 1. tertial 2018.*

**Figur 19: Totalinntekt**





**Figur 20: Akkumulert overskudd**



**Figur 21: Endring i prognosen og tilpasningsledd**

